



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ

Dato: 14.05.2018  
Vår ref.: 2015/3613-26  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Oversending av kostnadsoverslag for godkjenning - Ostereidet sentrum - Gnr 234 bnr 6, 68, 77 m.fl., - Områdeplan - Lindås kommune

Me viser til Dykkar brev datert 07.02.2018 med varsel om oppstart av områdeplan for Ostereidet del 2, gnr. 234, bnr. 6 mfl., Lindås kommune. Me viser også til Hordaland fylkeskommune sitt fråsegn til saka datert 19.03.2018, der det mellom anna vart stilt med varsel om ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova.

Lindås kommune har sett det som formålstenleg å gjennomføre områdereguleringa av Ostereidet som ein felles planprosess, slik at arbeidet som vist som del 2 vert sett i samanheng med arbeidet som starta opp i 2015 (del I). Utvidinga av planområdet medførte at områder som i dag er jordbrukslandskap blir tatt med i områdeplanen. Jordbrukslandskapet i området har truleg røter langt attende i tid, og ein kan forvente å påvise busetnadspor frå bronsealder, jernalder og mellomalder. Ekspansjonen av jordbruket som hovudverv på Vestlandet tok til alt i yngre steinalder og har i årenes løp satt mange spor i landskapet i form av åkrar, bakkemurar, steingardar, bygningar osb. Dei aller fleste spora frå forhistorisk tid ligg imidlertid skjult under jorda og er såleis sårbar for moderne inngrep.

Som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern er det Fylkeskonservatoren sin rolle å gjennomføre ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova. Dette er ein del av den lovheimla prosessen for å best mogleg opplyse saka, og for å sjå til at reguleringsplanen ikkje er i konflikt med kjende eller ukjende automatisk freda kulturminne, jf. § 3 i kulturminnelova.

### Feltmetode

Området er vurdert til å ha potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne frå bronse- til mellomalder. Hovudfokus vil vere å søkje etter spor på dyrka mark innafor planområdet og på delar av beiteområdet. Metoden som nyttas vil i all hovudsak vere maskinell flateavdekking der ein grep sjakter med gravemaskin. Ein bruker flatt skjær for å grave bort dei øvste jordlagene ned mot original undergrunn. Ein vil då vere i stand til å kunne påvise aktivitets- og busetnadsspor i form av bygningsrestar, kulturlag, åkerlag, stolpehull, eldstadar, kokegropar, flatmarksgravar, nedpløyde gravhaugar osb. I tillegg til bruk av maskin vil arealet verte overflateregistrert for å påvise eventuelle strukturer synlege på overflata. Dersom det blir påvist strukturar, lokalitetar osb. som inneheld organisk materiale vil der verte teken ut prøvar for mellom anna 14C-dateringar. Det er og satt av midlar til pollenbotaniske analyser dersom ein påviser fossile dyrkningshorisontar, eller førhistorisk busetnad, nær myr. Om ein påvisar lokalitetar med potensial for funn av metallgjenstandar vil det verte nytt personell med kompetanse på søking med metalldetektor.

Alle sjakter vil verte fylt att når feltarbeidet er ferdig. Eventuelle følgjer etter registreringa som til dømes arrondering, tilsåing med gras, veiter som må opparbeidast, gjelder som må flyttast osb. dekkast ikkje innanfor budsjettet til ei arkeologisk registrering, men er ei sak mellom tiltakshavar og grunneigar.

### Kostnadsoverslag

Kostnadane for den arkeologiske registreringa er kalkulert til å verte 486 704 kr. (sjå vedlagt kostnadsoverslag). Til grunn for utarbeidingsa av overslaget er Riksantikvaren sine retningslinjer for gjennomføring av undersøkingsplikta og budsjettering av arkeologiske registreringar i medhald av kulturminnelova § 9, jf. § 10 nytta. Denne vart vedtatt 21. august 2015, og oppdatert 14.11.2016.

Kostnadsoverslaget inkluderer arbeidstid til for-, felt- og etterarbeid, samt leige av bil, reiseutgifter, naudsynt utsyr, 14C-dateringar, makrofossilanalysar, gravemaskin, transport og flytting av gravemaskin.

Det er satt av 7,5 timer til forberedande arbeid for prosjektledar/feltleiar. For sjølve feltarbeidet er det estimert 225 timeverk fordelt på to arkeologar i tre veker, medan etterarbeid som omfattar mellom anna handsaming av feltdokumentasjon, analysar og rapportskriving er satt til 112,5 timer for ein arkeolog i tre veker.

I felt vil det vere naudsynt med kontinuerlig bruk av ein 15-20 tonns gravemaskin á kr 1200 pr. time, og ein mindre gravemaskin på mellom 3,5-8 tonn i områder som er mindre tilgjengelig. Prisane for gravemaskin er estimert og kan fråvike overslaget. For vidare handtering av evt. funn, prøver og dokumentasjonsmateriale hjå Universitetsmuseet i Bergen har Riksantikvaren bestemt at det skal settas av opptil 10 % av lønnskostnader inklusive sosiale utgifter dersom det vert registrert automatisk freda kulturminne. I dette kostnadsoverslaget er satsen satt til 5%.

Me gjer merksam på at dersom det skulle inntreffe vesentlege uforutsette tilhøve, som til dømes meir funn enn estimert, kan det bli naudsynt å utarbeidet eit revidert budsjett. Me vil i så fall varsle tiltakshavar om dette så snart som råd.

Jf. kulturminnelova §§ 9 og 10 må utgifter til arkeologisk registrering, som har som mål å oppfylle undersøkingsplikta, dekkast av tiltakshavar. Me gjer for ordens skuld merksam på at tiltakshavar berre vert fakturerert for medgått tid og faktiske kostnader. Me ber om skriftleg godkjenning av vedlagt kostnadsoverslag med opplysingar om organisasjonsnummer og signatur på ansvarleg betalar, slik at vi kan sette prosjektet inn i vår feltkalender. Vi gjer merksam på at undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova må verte oppfylt før planen kan eigengodkjennast av kommunen.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Vedlegg

#### 1 Kostnadsoverslag